

# Velkommen til Haustkonferanse på Helgaton

01.-03. november 2013



## Fredag

1830 Innkvartering

1900 Kveldsmat

2000 Samling


Lovsong og bøn

Andakt: Kåre Johan Hamre

Glimt frå Helgaton

Kaffi og samtale i peisestova

Leik og moro for dei eldste borna



## Laurdag

0830 Frukost

1000 Bibel, lovsong og bøn

Andakt: Liv Rolfsnes

1100 Motstrømsfolket v/ Trond Johansen

-Det norske folk sine meiningar om  
indremisjonen og bedehuset Samtale

1300 Graut/lunsj

1500 Kaffi og kaker

1530 Tema v/ Trond Johansen fortset

1800 Middag

1930 Festkveld

Marit Hårklau Ådnanes deler tankar

Lovsong og delestund

Kollekt til IMS og Helgaton

Kaffi og kaker

Leik og moro for dei eldste borna

### Lelalarar:

Trond og Karin  
(song) Johansen

Marit H. Ådnanes

Liv Rolfsnes

Kåre Johan Hamre

Knut Kvamme

Lise Marie Litlabø

**PRISAR:**  
Dobbelrom m/oppreidd seng Kr 890  
Dobbelrom u/oppreidd seng Kr 790  
Student u/ oppreidd seng Kr 550  
Born saman med foreldre Kr 420  
Kursavgift Kr. 100 pr vaksen/student

## Søndag

0900 Frukost

1000 Samling for alle. Lovsong!

Andakt v/ Lise Marie Litlabø

1100 Vidare med Jesus

-med frimod og glede

v/ Knut Kvamme

1300 Middag

Vel heim!

Det vert egne barne-  
samlingar og aktivitetar



Påmelding: Indremisjonskontoret tlf. 53 41 07 04  
post@indremisjonen.no www.indremisjonen.no



### Trond Johansen og hans tema:

Trond Johansen har vore rådgivar (kretsleiar) i Sogn og Fjordane Indremisjon i fire år. Han kjem til Haustkonferansen saman med kona Karin.

Trond er lærarutdanna, og jobba i fleire år som lærar på ungdomsskule, før han vart tilsett i A-pressen. Store deler av sitt yrkesaktive liv har han vore her. Før han vart rådgivar i Sogn og Fjordane, var han også prest i 2 år.

Trond sat i ei badstu og reflekterte over kor lite av folket me eigentleg når. Det vaks fram ei naud som resulterte i omdømmeundersøking om bedehuset og indremisjonen. Trond fekk med seg tre elevar frå Bildøy bibelskule og to lærarar, pluss ImF og krinsleiarane i ryggen. TNS Gallup fekk oppdraget. Visste du f. eks. at heile 57% sannsynlegvis ville blitt med på bedehuset viss dei fekk ein invitasjon til noko dei fann interessant? Dilemmaet er at dei ikkje vert beden av oss som går der. Dette og mykje meir vil du få høyra meir om på Haustkonferansen.

-Eg vil ikkje at folk skal reisa heim etterpå og kjenna på alt dei ikkje får til og alt dei skulle gjort, fortel Trond. Eg ynskjer at folk skal sjå mogelegheitene, elles som han seier på sin eigen dialekt: "Alt er ikke gærnt. Mye skjer hos hver enkelt av oss. Vår Herre legger til rette for ennå mer. Mye er veldig bra, om vi bare slår oss sammen og klapper hverandre mer på ryggen".



### Barneopplegg:

Me ynskjer at du som har barn og familie også skal finna det interessant å reisa til Helgatun denne helga. Det vert ikkje opplegg og pass heile tida, men likevel så mykje at me trur det skal vera attraktivt for alle i familien å reisa. Dei miste borna har gjerne lagt seg kl. 2000 på fredagen. Me satsar på ei fellessamling (men har teiknekroken klar), og har leikar for dei eldste borna når samlinga er ferdig. Laurdag vert det eiga barnesamling kl. 1000, og aktivitetar ute/inne medan me har temasamlingar med Trond Johansen. Laurdag kveld og søndag føremiddag er me saman. Det blir aktivitetar kl 1100 og utover søndagen. Høyrest dette greit ut? Gi oss gjerne innspel om du ynskjer endringar. Vår eigen barne- og familiearbeidar, Lise Marie Thuestad Litlabø har ansvaret saman med ungdomar.

### Reis saman:

Det kan vera lurt og inspirerande å reisa fleire saman frå ei bygd/styre. Det er ikkje alltid det same å koma heim etterpå og dela alt du har opplevd. Men uansett; det er snakk om den eine som blir inspirert, og som Trond sjølv seier; "Mye skjer hos hver enkelt av oss".

Velkommen til Helgatun og Haustkonferanse! Eg gler meg til å treffa deg og bli betre kjent med deg denne helga!

Beste helsing Marit Hårklau Ådnanes  
Dagleg leiar i IMS

